



Statens vegvesen

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Sivert Faye / 47299448

Vår referanse:
25/146320-12

Dykkar referanse:
202224744

Vår dato:
23.02.2026

Svar på ny høyring av søknad om Geitelvi kraftverk – Konsesjonssøknad – Voss herad

Viser til brev datert 12.01.2026.

Saka gjeld

Revidert konsesjonssøknad for Geitelvi kraftverk er sendt på ny høyring.

NVE har fått inn ein søknad frå Njord Energi Holding AS, datert 07.04.2025 (oppdatert 18.11.2025), om løyve etter vassressurslova til bygging av Geitelvi kraftverk i Voss herad. Geitelvi kraftverk vil nytte eit fall på 272 meter frå inntak på kote 275 til kraftstasjon på kote 3. Vassvegen vil bestå av ein 1700 meter lang tunnel i fjell, og utløpet vil leggest som to nedgravne røyr frå kraftstasjonen ut i Bolstadfjorden. Kraftverket er rekna å ha ein installert effekt på 7 MW med ein årleg middelproduksjon på 19,3 GWh. Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. I tillegg blir det søkt om løyve etter energilova § 3-1 til ein 540 meter lang 22 kV jordkabel fram til ein nettstasjon som er eigd av Tendranett AS.

Våre merknader

Ved første høyring av søknaden var det planlagt å bruke ei eksisterande landbruksavkøyrsløse frå E16 som tilkomst. Vi var negative til å bruke denne avkøyrsla som tilkomst til kraftverket. Vi har i dialog med søker kome fram til ei tilkomstløyving som vi kan godta. Planlagt tilkomst frå E16 er no via kryss med kommunal veg på Bolstadøyri, og kraftstasjonen har fått endra plassering. Ny plassering av stasjonsområdet inneber at det blir etablert ny vassstunnel under Bolstadstunnelen (E16), og Trollkonetunnelen (jernbane). Dette kan vi godta, med atterhald om at vi får tilfredsstillande dokumentasjon på at vassstunnelen kan bli bygd utan å skade Bolstadstunnelen. Dette er søkt om til oss, og vil bli behandla etter veglova.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturmottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Vasstunnel kryssar òg trase for ny veg og bane mellom Voss og Arna, alternativ K5 i konseptvalutgreiing for strekninga. Det kjem ikkje klart fram i revidert søknad korleis dette er vurdert. Dette peika vi på i vår uttale til første høyring av saka, og undervegs i dialog med søkar. Vi saknar ei vurdering av vasstunnelen og traseen som er vist i konseptvalutgreiinga for ny veg og bane. Dette må bli følgt opp før eventuell konsesjon blir gitt.

Transport vest – transportforvaltning 1
Med helsing

Torun Emma Torheim
Seksjonsleiar

Sivert Faye

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

BANE NOR SF, Postboks 4350, 2308 HAMAR

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER

VOSS HERAD, Postboks 145, 5701 VOSS

Njord vannkraft AS, Maridalsveien 366B, 0881 OSLO